



Simon Kortila og Sondre Myklebust i fint driv. Dei skapte mykje uro i forsvaret til Trane

A-laget til Rosendal har hatt ein svært god vårsesong under Håvard Sætrevik sitt trenaransvar. Laurdag vart vårsesongen avslutta med bortekamp mot IL Trane på Krohnsminde. I denne kampen vart det rett nok 2 - 4 tap, men Rosendalslaget ligg likevel på ein flott 2. plass på tabellen når laga no tar sommarpause.

Heimelaget fekk første målet etter berre 5 minuttars spel etter passiv opning for Rosendal. Dette var ein kaldusj for laget, men dei spela seg meir og meir inn i kampen, og i andre halvdel av første omgang styrde dei kampen. Dette gav resultat til slutt. Etter eit flott inlegg frå Kjetil Helvik var Sondre Myklebust frampå og stupheada ballen i mål. Dermed var det 1-1 og like langt. Dette resultatet sto seg til pause.

Andre omgang starta som første omgang slutta, med eit stort Rosendalspress. Etter 15 minuttars spel gjekk Rosendal opp i leiinga etter at Simon Kortila forserte flott på høgrekanten. Han la eit hardt innlegg langs bakken, og ein Trane-spelar sette ballen i eige mål etter tett press frå ein Rosendalspelar. 1-2 og Rosendal i leiinga.

Rosendal var no i siget og var nær ved og auka leiinga etter fint samspel i angrepet der ein Rosendalspelar kom åleine med keeper. Keeper redda. Keeperen til Trane var svært god i denne kampen med mange gode redningar. Så skjer det som av og til skjer. Trane tek over initiativet i kampen og får ei lett utlikning 2-2 etter eit langt innlegg og passivt forsvarspel.

Etter dette tar Trane over og får 2 raske mål mot Rosendal som ikkje har meir å svara med. Alt i alt var det ein jamn kamp, men mot topplaget lyt ein vera solid i alle ledd på banen, og fire mål baklengs er for mykje. Trane er eit godt lag og drog det lengste strået denne gangen.

Desse var med frå Uskedalen: Marius Myklebust, Hermund Døssland, Sondre Myklebust

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland